

# Økonomiplan 2016 - 2019

## Administrativ leiarstruktur

Ein administrativ leiarstruktur som er tilpassa kommunens prioriteringar i tenestene og samtidig har «musklar» til å gjennomføre dei nødvendige strukturelle endringane er ein føresetnad for å lykkast i å oppfylle økonomiplanens målsettingar. Leiarstrukturen har stab- og støttefunksjonar som er knytt tett opp til rådmannsnivået, samtidig som behovet for utvikling og koordinering av tenestene i dei to store sektorane er ivaretatt gjennom to kommunalsjefar.

